

# HØRINGSSVAR

## Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: \_Vestre\_Slidre kyrkjeleg fellesråd, Slidre sokneråd, Lomen sokneråd og Røn sokneråd.

Adresse: \_Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Kontaktperson: \_\_ Kyrkjeverje Elisabeth Myhre

### Høringsspørsmålene

**1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: Det er viktig at arbeidstakarane har arbeidsgjevaren lokalt, lokalt fellesråd.

Så lenge kyrkja sin økonomi først og fremst kjem frå kommunale løyvingar, er eit godt samarbeid mellom fellesråd og kommune avgjerande. Dei alle fleste innbyggjarane er medlem av DnK, og sjølv dei som ikkje er medlemmer treng, og bruker, kyrkja sine tenester. Difor er det viktig at ein ikkje endrar på dette som fungerer godt.

**2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: Råda i Vestre Slidre meiner at noverande finansieringsordningar er den beste.

**3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar: Offentleg finansiering. Livssynsavgift over skattesetelen er den nest beste løysinga. Dette er mest forutsigbart både for det offentlege og kyrkja.

**4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar: Ved å ta vekk prostenivået.

Om kommunane blir slått saman, vil ein høgt sansynleg få færre fellesråd. Då er det viktig at ein finn ordningar som ikkje svekkjar kyrkja sitt tilbod til folket lokalt.

**5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Sokna kan vere som no. Soknet er og bør vere ein grunnleggande og juridisk eining. Om det blir oppretta eit fellesråd på regionnivå, må sokneråda ha ein dagleg leiar og eit kontor tilsvarande det noverande fellesrådsområdet. Dette for å betene bygdefolket. Det bør vere minst 1 soknekyrkje med faste gudstenester i kvart sokn.

**6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar: Ordninga med 2 organ for soknet, sokneråd og fellesråd bør vidareførast.

**7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar: På kommunenivå.

**8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar: Det må vere god dialog mellom fellesrådet og sokneråda. Sokneråda må få hove til å påverke soknets utvikling, kome med innspel til fellesrådet ang. økonomi og tilsettingar.

**9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar: Ja, soknerådet skal styre all aktivitet i soknet.

**10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar: Sokn, eventuelt fleire sokn saman, må vere store nok til å tilsette sin eigen dagleg leiar.

## **11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Biskopen bør leie prestetenesta og ha arbeidsgjevarfunksjoner ovanfor prestane.

Vera visjonsberar for alle tilsette, frivillige og rådsmedlem. Biskopen skal gje ny energi i det kyrkjelege arbeidet. Sentral rolle ang. tilsettingar i vigsla stillingar. Ha tilsyn og gje inspirasjon til kyrkjelydane og medarbeidarane i bispedømme.

## **12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar: Biskopen bør ha arbeidsgjevaransvar. Biskopen har tilsyn til prestane og andre vigsla stillingar.

Ordinerer til presteteneste, har ansvar for forordning av gudstenester, godkjenner lokale planer for diakoni, kyrkjemosikk, trusopplæring og gudstenesteliv.

## **13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Det bør innførast ei rein valordning.

## **14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar: Bispedømmerådet bør halde fram som eit demokratisk vald råd. Bispedømmerådet skal ha tilsettingsmynde og arbeidsgjevaransvaret for prestane.

## **15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar: Oppgåvene som bispedømmerådet har nå, bør vidareførast. Bispedømmerådet blir ennå viktigare, då vi meiner at prostenivået bør kunne leggast ned.

## **16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: Det bør vere 2 arbeidsgjevarliner: Bispedømmerådet for prestane.  
Fellesrådet for andre tilsette.

## **17 I hvilken grad bør arbeidsgjevarfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar: Prestane bør bli tilsett i det nasjonale rettssubjektet med bispedømmerådet som arbeidsgjevarorgan.  
Fellesrådet bør ha arbeidsgjevaransvaret for dei andre tilsette i fellesrådsområdet.

**18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar: Det bør ikkje opnast for lokale og regionale variasjonar.

**19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar: Biskopen har eit fageleg leiaransvar og har rettleiingsansvar for prestane.

**20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar: Kyrkjemøtet er Den norske Kyrkje sitt øvste organ. Skal vedta regelverk for kyrkja.

**21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar: Bispedømmeråda, mellomkyrkjeleg råd, samisk råd og representantar frå dei teologiske læringsinstitusjonane. Ved denne samansettinga blir alle delar av landet representerte.

**22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

**23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar: Biskopane skal vere tilsett av Kyrkjerådet, og leiest av Preses.

**24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar: Sjå svar spørsmål 21.

**25 Bør ordningen med en egen lerenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar: Lerenemda bør vidareførast som no.

**26 Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Som i dag.

**27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Ungdomsdemokratiet og Ungdommens kyrkjemøte bør halde fram som i dag.